

Mekling om turistanlegga i slutten av månaden

03.02.2011



Det omstridde området sett frå sjøsida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den langdryge saka om reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen kjem no i alle fall formelt eit steg vidare ettersom det er beramma mekling i slutten av månaden.

**Meklinga blir torsdag 24. februar med møter i Rådhuset og synfaring i Uskedalen, opplyssar verksemgsleiar Tormod Fossheim til uskedalen.no
Det store spørsmål er så om meklinga fører til noko resultat eller om ho berre sender saka vidare i byråkratiet.**



Når blir det ein ny, godkjent reguleringsplan for dette området? (Foto: Knut A. Myklebust)

Meklinga kan teoretisk enda med at Fylkesmannen
trekk motsegna si tilbake.

Ein annan mogeleg utgang er at kommunen aksepterer motsegna.

Men kva er det mest trulege?

Hvis fylkesmannen held på motsegna
og kommunen ikkje aksepterer ho vil saka ende i departementet.
Dette kan bli utfallet og dermed vil det framleis gå lang tid før
det kjem ei endeleg avgjerd.

Det var i november i fjor
Fossheim bad Fylkesmannen om mekling
då det vart klart at kommunen ikkje
ville ta motsegna til følgje.
Den gjeld campingområdet merka med
C3 langsmed elva som er vist
som friluftsområde i reguleringssplanen.

Kommunen har hatt fleire rundar med grunneigarane og drøftingar
med miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen utan at det har vore mogeleg
å koma til ei løysing. Difor fann kommunen å måtte oppretthalda planen med
det omstridde området for camping.
Fylkesmannen svara med at motsegna
stod ved lag og dermed var det duka for mekling.

Av Ola Matti Mathisen